



ULLENSVANG

Hardanger, som var eiga syster i mellomalderen og eit eige underlen etter 1660, hadde ikkje like fast skipreideinndeling som dei ytre bygdene.

Det vekslar derfor litt mellom sokn og skipreider på ulike tidspunkt. Det ser ut til at dei tre soknene Kinsarvik, ULLENSVANG og Odda var saman i ei skipreide heilt frå mellomalderen av (©432, ©433).

Kinsarvik prestegjeld omfatta også frå gammalt av dei tre soknene Kinsarvik, Ullensvang og Odda. Då Ullensvang vart hovudsokn i 1869, fekk prestegjeldet dette namnet. Odda vart eige prestegjeld i 1915, og i 1968 vart soknene Eidfjord og Jondal overførte til Ullensvang prestegjeld.

Frå det opphavlege Ullensvang herad vart Odda og Kinsarvik skilde ut som eigne kommunar i 1913. I 1964 vart atter Kinsarvik ein del av Ullensvang. Samstundes vart Åsgrenda krins overført frå Kvam til Ullensvang, og Eidfjord vart ein del av den nye storkommunen. I 1977 skilde så Eidfjord lag med Ullensvang. □



**I RAUDT EIN GULL
BJELKE FØLGD AV
TRE GULL LILJER,
TO OVER OG EI
UNDER BJELKEN**

Våpenet er godkjent ved kgl. res.

8.11.1979 og er teikna av Magnus Hardeland.

Motivet er henta frå ein gravstein i Ullensvang kyrkje over riddar og lagmann Sigurd Brynjulvsson på Aga, død 1302 eller 1303.

På gravsteinen er han framstilt som riddar med ringbrynje, lanse og skjold. Kommunen henta motivet til våpenskjoldet frå skjoldet til lagmannen.




Fruktdyrking er i dag ein god næringsveg i Sørfjordsbygdene, som jektefarten var det på 1700-talet. Etter tradisjonen var det munkane frå Lyse kloster, på garden klosteret åtte i Opedal, som tok til å dyrka frukt her i mellomalderen, men det er først på 1800-talet at fruktdyrkinga for alvor blir ei stor næring i desse bygdene.

Pæرهاusting på Djødno kring hundreårsskiftet.

ULLENSVANG

Ullensvang er samansett av gudenamnet Ullin og vang «grasslette». Kinsarvik og elvenamnet Kinso, er avleidde av kinn «bratt fjellside». Djødno tyder mogleg det «som ligg i livd». Enklare er Ernes, av gno. elri «stad det veks or». Nå kjem av gno. knúi «knoke», her brukt om fjellknaus. Om Måge seier Norske Gaardnavne at det er eit «enestaaende Navn af uvis Oprindelse». Vin-namnet Bleie, skriv Bleiðin i 1329, inneheld eit gammalt elvenamn med tydinga «blyfarga» (om brevatn). Aga ligg i livd under eit berg med skredlaup på bae sider og kan tydst som «den agefulle», eller «den som stikk fram». Hauso er dativ fleirtal av haus «rund knaus». Grimo er opphavleg elvenamn, av same opphav som grime (på hest), og «ansiktsstripe». Årekol synest vera samansett av gno. á «elv» og hváll (nyare kvål) «rund høgd». Meir problematiske er Utne og Lote. For Lote kunne ein tenkja seg samband med eit ord for søkk i lendet. Alm ligg til grunn for førsteleddet i Alsåker, skriv Almsakr i 1306.



Gravstein over Sigurd Brynjulvsson teikna av Jonas Skonvig, 1626.